

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.09.2022

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Anne Dahle Austrheim, Helge Dyrkolbotn, Arne Lerøy, Inger Synnevåg, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Kine Lerøy, Rune Minde.

Varamedlemer: Linda Skålevik Syslak

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Bjørn Helge Olsen, Torill Hordvik, Kjell Dahle.

Møtte ikkje:

Saker til førehaving:

F – 19/22 – F – 22/22

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 19/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader

F – 20/22 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 15.06.2022

Vedtak:

Møteboka frå 15.06.2022 vart godkjent utan merknader.

F – 21/22 UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Hege Ramsland og Gerd Marie Solheim

F – 22/22 ORIENTERING

- Om Kyrkjerådet si innstilling til Kyrkjemøtet om organisasjonsmodell for kyrkjeleg organisering. *Det vart orientert om dei to alternativa til avstemming som er aktuell no: A: organisering med ei arbeidsgjevarlinje der alle vert tilsett i Kyrkja den Norske eller B: organisering med to arbeidsgjevarlinjer som i dag, men med meir samordning og vekt på delt leiing mellom kyrkjefagleg og administrativt ansvar.*
- Kulturminnedagen 4.sept: *Dette vart ei vellukka samling i og utanfor kyrkja i eit nydeleg vær. Ønskjeleg å gjera tilsvarande igjen.*

F – 23/22 ØKONOMIRAPPORT

Framlegg til vedtak:

Økonomirapport for rekneskapsåret 2022 vert tatt til vitande.

Vedtak:

Økonomirapport for rekneskapsåret 2022 vert tatt til vitande.

Bakgrunn:

Ifølgje vedlagte økonomirapport, ligg vi litt på plussida i forhold til løn og sosiale utgifter til no. Dette vil likevel bli utlikna ved årsslutt, sidan lønsoppgjeret i KA sektoren endå ikkje er ferdigforhandla. Dermed kjem vi til å få ei etterbetaling frå 1.mai, som vil slå inn seint i haust.

Bakteppet er at vi i 2022 har 300 000 meir i driftsmidlar i forhold til dei tidlegare åra. Dette gjer at vi no kan budsjettera realistisk og nøkternt.

Når det gjeld straum er denne posten justert opp vesentleg i budsjettet for 2022. I forhold til straum ligg vi i så måte omtrent der vi skal. Vi har også ein Knif-avtale på straum, som har redusert dei verste pristoppene.

Vi har til no i år betalt ut nærare 30 000 kroner i refusjon av kremasjonsavgift. Dette er midlar som ikkje vart lagt inn i budsjettet. Kyrkjeverja har spelt dette inn til kommunen i forhold til neste års budsjett, med tanke på at dette vert tatt omsyn til ved tildeling av driftstilskot for 2023. Erfaringa dette året er ein markert auke i urnegravleggingar i forhold til tidlegare år.. Dette er gledeleg med tanke på bruken av gravplassen på Austrheim, der vi kan utsetja eller til og med unngå utviding av denne, med ei slik utvikling. Det som gjenstår er at administrasjonen i kommunen også forstår den same argumentasjonen. Det vert også betalt slik refusjon til dei som vel urnegravlegging på Leirvågen. Vurderinga er at alt anna vil vera urimeleg i forhold til prinsippet om likebehandling.

Vi ligg allereie no over budsjettet når det gjeld festeavgifter. Budsjettposten vart stipulert litt i forhold til kva vi fekk inn i fjor. Auken for inneværande år vil kompensera for den manglande budsjettposten for refusjon av kremasjonsavgift.

Vi har elles ikkje fått inn refusjon for kyrkjeverja si løn for å ha den funksjonen på Fedje. Og motsett; Evy Beate Uthaug si løn skal refunderast til Fedje sokn. Dette er ting vi gjer på slutten av året. Dette er eingongsoverføringar. Dette er også grunnen til at det akkurat no er ubalanse i desse postane.

Når det gjeld mindreinntekt til no på bladpengar for Kyrkjebakken, skuldast dette at årets første giro ikkje vart lagt inn i bladet før i augustnummeret. Den skulle vore lagt inn i mainummeret. Difor er det ikkje ført noko særlege inntekter på denne posten.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
21.09.2022

Tilstades på møtet

Medlemmer: Anne Dahle Austrheim, Helge Dyrkolbotn, Arne Lerøy, Inger Synnevåg, Edvard Bjerkestrand, Gerd Marie Solheim, Kine Lerøy, Rune Minde.

Varamedlemmer: Linda Skålevik Syslak.

Andre:
Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

Desse hadde meldt forfall:

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:
Soknerådssaker: S- 08/2022 – S 10/2022

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:
Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 08/22 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 09/22 ORIENTERINGAR:

- Erfaringar frå prosjekt open kyrkje sommaren 2022. *Tilsaman 63 personar var innom kyrkja over ein periode på 16 dagar. Erfaringane var slik at ein gjerne vil prøva dette igjen. Det må jobbast litt meir med brosjyra som vart laga til dette opplegget. Tidl kyrkjeverje går gjennom brosjyra og kjem med framlegg til endringar og rettingar. Kom opp framlegg om å setja opp ei utstilling bak i kyrkja.*
- Erfaringar frå barnehelga. *Gode tilbakemeldingar. 19 born var med på opplegget fredag kveld. Laurdagen ilag med Bjarte Leithaug fungerte godt. Koropplegg med barnekoret Tiriltunge, m.fl, inkl born frå Fedje. Dagen vart avslutta med konsert i ei fullsett kyrkje laurdagen.*
- Status konfirmantar 2022/2023. *Ca 30 påmeldte om lag 75% av kullet.*
- Avskilsturne for biskop Halvor. *Skjer 25.oktober, med kveldssamling i Knarvikkyrkja. Sokneråda og andre friviljuge i prostiet er inviterte. Stabane er inviterte til samling på Fjon same dag på dagtid.*

S – 10/22 VISJONS OG MÅLSETJINGSARBEIDET

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner framdriftsplanen for soknet sitt visjons og målsetjingsarbeid

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner framdriftsplanen for soknet sitt visjons og målsetjingsarbeid

Bakgrunn:

På soknerådet sitt førre AU møte 24.august, hadde vi besøk av Silje Hoaas. Ho har tilbydt seg å hjelpa oss vidare med dette arbeidet, rett og slett som eit dugnadsarbeid. Vi snakka om at vi tidlegare har prøvd å jobba med dette. Vi har gjort sporadiske forsøk på å formulera ei overordna målsetjing. Realitetane har vel vore at vi har vore i villreie om korleis vi skulle løysa dette, med det resultatet at dette er ei sak som har blitt utsett og utsett igjen.

Samtalen med Silje Hoaas vart veldig oppklarande og la igjen ei oppfatning av at dette kan vi faktisk få til.

Vi fekk det rådet at vi ikkje bør begynna med ein visjon eller eit slagord, men heller begynna i stikk motsett ende – i kva som er status pr no og kva for aktivitet vi ønskjer skal drivast i soknet. Ifølgje Silje Hoaas har trenden snudd i organisasjonsutvikling når det gjeld jakta på den overordna visjonen. I Alver

kommune, der ho jobbar med slike tema, har dei heilt gått vekk frå å ha ein overordna visjon. Dei spør heller etter kva som skal vera mål for den einsskilde si verksemd i kommunen.

Dette vart vi enige om:

- Laga ei kort statusoversikt – kvar er vi/kva har vi i dag?
- Laga eit spørjeskjema om kva for tiltak medlemmene våre tenkjer vi bør driva med.
- Prøva å analysera kva vi lukkast med og kva vi ikkje lukkast med

Framdriftsplan:

- Helge og Anne tek ansvar for å laga eit spørjeskjema som skal brukast av medlemmane våre. Dette skal publiserast både i Kyrkjebakken (septembernummeret) på heimesida, i soknerådet og i ulike andre samanhengar vi møter folk. Vi ønskjer at så mange som mogeleg bidreg med å svara.
- Leif Arne lagar eit oversiktsark på kva vi har av ressursar og aktivitetar.
- Soknet inviterer til samtale etter gudstenesta 23.oktober. Silje Hoaas vert med på denne samtalen. Denne vert leia av Anne Dahle Austrheim og Rune Minde. (Helge og Leif Arne vert med 50 års konfirmantane).
- Silje Hoaas vert med på AU møtet 16.november. Her vil vi gå igjennom svara på spørjeundersøkinga.
- Desembermøtet i soknerådet vert eit arbeidsmøte med dette som hovudsak. Silje Hoaas vert med på dette møtet.
- Resultatet av prosessen vert lagt fram på årsmøtet i februar/mars 2023.
- Soknerådet gjer endeleg vedtak i saka mai 2023.

Sagt i møtet:

Både positivt og negativt at vi begynner i motsett ende, med å spørja etter kva folk ønskjer. Det vil vera negativt om ein skal vektleggja kyrkja sine aktivitetar utan å ha ei ramme å forhalda oss til. Vi kan ikkje vera kyrkje som ikkje har føringar på kva som skal vera innhaldet i det vi ønskjer å driva med. Vi må relatera oss til det oppdraget vi har fått frå Gud. Kyrkja sin generelle visjon «Meir himmel på jord» gir både innhald og retning.

Det positive er at ein ved å spørja kva folk ønskjer, så kan ein i større grad engasjera folk og vi kan få svar som hjelper oss å konkretisera meir overordna målsetjingar i etterkant. Vi kan formulera ei overordna målsetjing om det er ønskjeleg. Og bygdefolk bør engasjerast. Konfirmantar og foreldre også. Vi må oppfordra folk til å svara på spørjeskjemaet som kjem ut i Kyrkjebakken i septembernummeret og vert lagt ut samstundes på heimesida, slik at dei som ønskjer det kan svara elektronisk. Til gudstenesta 23.oktober må det lagast ein forhåndsomtale.